

# Medlemsbrev

Norsk Fyrshistorisk Forening

Torsdag, 24. oktober 2013

## Blåmåndag for fyr?



*Frå lykta på Utvær fyr.*

### Val og nye tonar

Dei siste par månadane har vore innhaldsrike: Me har fått eit nytt statsbudsjett og skifta ei raudgrøn regjering med ei blåblå.

Statsbudsjettet er særstakt positivt ved at den førre regjeringa heldt fast ved lovnaden om å trappa opp momskompensasjonsordninga til 1,2 mrd. kroner – noko som inneber at ein nærmar seg full kompensasjon. Me reknar med at også den nye regjeringa held fast ved dette punktet på statsbudsjettet. Og alle medlemmane våre som søkte gjennom oss i år fekk. For mange utgjorde dette ein stor økonomisk fordel, for nokre heilt opp mot 25.000 kroner. Utbetalinga skjer i desember, gode pengar for mange medlemmar. Og ramma blir utvida til neste år. Eg vil difor nytta høve til å streka under kor mykje det kan vera å henta

her, men søknaden må gå via Norsk Fyrhistorisk Forening. Hugs å søka til neste sommar!

Skuffande – om ikkje uventa - var det likevel at me ikkje fekk driftstilskot over Miljøverndepartementets budsjett. Kulturvernforbundet meinte det var vår organisasjon som i størst grad oppfylte krava frå departementet for denne typen støtte. Likevel blei me – som alle dei andre kulturvernorganisasjonane som sökte, avviste.

### **Opplysing av Fiskeri- og kystdepartementet**

Valet førte elles til at den raudgrøne regjeringa blei skifta ut med ei blåblå. Det fekk ein dramatisk konsekvens for Fiskeri- og kystedepartementet, som stod oss nærest. Mellom anna har det gjennom tilskota sine sikra etableringa av eit eige sekretariat og ei vital heimeside. Det blir etter 67 års virke oppløyst for mellom anna å gå opp i det større ”Næringsdepartementet”!

Men heile Kystverket med ansvaret for fyrstasjonane blir flytta over til Samferdselsdepartementet med Ketil Solvik Olsen som statsråd. Kva dette i praksis vil føra med seg for arbeidet til Fyrhistorisk Foreining er framleis i det blå. Kirsti Slotsvik håpar på eit tett samarbeid med effektive og miljøvenlege samferdsleløysingar, og for vår del ser me også fram til å tilpassa oss aktivt dei nye realitetane.

Me er optimistar, ikkje minst på bakgrunn av den gode dialogen me som foreining fekk på det store møtet mellom dei førre stortingsrepresentantane, oss og andre friviljuge kulturvernorganisasjonar i vår.

### **Den nye regjeringsplattforma**

Etter kvart er det meisla ut ei felles regjeringsplattform for den blå regjeringa. Grunnleggjande blei det sagt at den nye regjeringa skulle byggja politikken sin på fridom, tillit til einskildmennesket, gründaren, lokalsamfunnet og frivilligheita.

Me merkar oss at ”frivillighetspolitikken” generelt har fått ein etter måten brei plass i erklæringa og set vår lit til at dei står ved lovnadane om å styrka dei økonomiske ordningane for friviljuge organisasjonar. På den andre sida kan det liggja ei utfordring i formuleringa at dei friviljuge ikkje lenger skal vera så avhengige av staten.

Utanom kyrkjene blir det likevel ikkje nemnt noko konkret når det gjeld kulturminnevern, heller ikkje under kapitlet om kultur. Men stønad til private eigarar av kulturminne blir streka under. I forhold til vedtekten våre om å arbeida for at fyrstasjonane skal vera offentleg tilgjengelege, er me noko

bekymra for at dei to høgpartia tok til orde for å opna for sal av fyrstasjonar til private.

## **Dialog**

Som foreining tek me sikte på å etablera ein god dialog både med den nye regjeringa og dei nye - og gamle - stortingspolitikarane. Særleg vil me leggja vekt på å trekkja inn politikarar med særlege føresetnadjar for arbeidet vårt. Ikkje minst er det positivt at Kyst-Noreg er så tungt representert i regjeringa. Gje gjerne tilbakemelding om politikarar som kan tala vår sak i Oslo. Dei politiske korta er delte ut på nytt. Me tek gjerne del i spelet, slik at fyrstasjonane kan bli for folk flest.



*Styremedlemmar i passiar ved Slettnes fyr. Frå v. Greta Sollie, Tore Berntsen, Tormod Steen og Torstein Johnsrud.*

## **Revidert handlingsplan**

I månadsskiftet august-september gjennomførte NFHF styreseminar på Slettnes fyr fredag 30.august – søndag 1. august. Det starta med eit møte med representasjon frå Kystverket Troms-Finnmark, heldt fram med sjølve styremøtet og det blei omvising på fyret og sosialt samvær om kvelden.

Den viktigast saka var handlingsplanen som skal frå 2014 til 2016. Innleiingsvis blei det nedfelt kva som var dei langsiktige oppgåvene til foreining. Særleg blei det streka under kor viktig det var å etablera nettverk med alle ansvarlege organ om alt som gagnar fyrstasjonane. Det inneber mellom anna å sikra at NFHF også blir dregne med og nytta som høyringsorgan.

## Prosjekt Kystled

Som kjent tek NFHF del i Prosjekt Kystled, som legg til rette for at folk skal kunna ferdast frå fyr til fyr tilsvarende å kunna gå frå hytte til hytte. Dei andre i prosjektet er Forbundet Kysten, DNT, Oslofjorden friluftsråd og Frilufstrådenes Landsforbund. Om nokre av dykk er interesserte i dette samarbeidet, ta gjerne kontakt med oss.

## Organisasjonskonsulent

Endeleg har det kome inn 54 søknadar som ny organisasjonskonsulent. Av dei er ein heil del godt vaksne sokjarar, til dels tidlegpensjonistar, som ser på stillinga som ei meiningsfull utfordring der pengane ikkje er det avgjerande.

Så får de alle har ein fortsett framifrå haust. Du finn oss på [fyr.no](http://fyr.no), og hugs å lika oss på [Facebook](#).

Beste helsingar

Birger Lindanger  
Styreleiar



## Norsk Fyrhistorisk Forening

[www.fyr.no](http://www.fyr.no)  
[info@fyr.no](mailto:info@fyr.no)

Øvre Slottsgate 2B  
0157 Oslo